Vestlandsrådet

Saksframlegg

Saksnr: 2026/4095-24
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	**10/26**	**04.11.26**

Evaluering av samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet er det einaste attverande formelle landsdelssamarbeidet i Norge. Rådet viser til samarbeidsavtalen som regulerer rammene for denne regionalpolitiske samarbeidsarenaen på Vestlandet, og ber om at fylkestinga i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal set i gang ei grundig evaluering av alle deler av denne avtalen.

2. Vestlandsrådet vil foreslå at fylkesdirektørane vert prosjektstyre for evalueringsarbeidet og at dette bør gjennomførast innanfor eigen administrasjon.

3. Vestlandsrådet legg til grunn at ferdig evalueringsrapport vert lagt fram for rådet i inneverande valperiode til uttale.

4. Vestlandsrådet vil tilrå at dei nye konstituerte fylkestinga etter kommunestyre- og fylkestingsvalet 2027 får lagt fram sak om endeleg handsaming av framtidig samarbeidsavtale for Vestlandsrådet.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 11.januar 2024 i Ålesund, vart det handsama sak om samarbeidsavtalen som ligg til grunn for Vestlandsrådet. Det vart gjort følgjande vedtak;

> «1. Vestlandsrådet tek framlagte samarbeidsavtale til orientering.
>
> 2. Vestlandsrådet ber om at AU evaluerer samarbeidsavtalen og kjem tilbake til Vestlandsrådet med forslag om eventuelle endringar , og som tek opp i seg konklusjonar frå gruppearbeida i møtet.»

Med grunnlag i mellom anna dette vedtaket finn fylkesdirektøren det rett å legge fram ei sak med forslag om å ta initiativ til ei grundig og heilskapleg evaluering av samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet.

Mulig evalueringsprosess og vedtakskompetanse

Det vil vere det enkelte fylkesting som må gjere vedtak om dei eventuelt viktigaste endringane i samarbeidsavtalen etter ei evaluering. Slik sett vil det etter fylkesdirektøren sitt syn vere rett at også fylkestinga i fellesskap set i gang ei slik evaluering. Ei eventuell sak og vedtak i fylkestinga om oppstart av eit slikt evalueringsarbeid kan gjerast etter initiativ frå Vestlandsrådet.

Etter at evalueringa eventuelt er gjennomført bør det sittande Vestlandsrådet få evaluerings-rapporten til uttale, og at dette vert eit innspel til fylkestinga si handsaming av eventuelle endringar i samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet.

For å sikre handsaming og vedtak på fylkestinga om igangsetting av evaluering så tidleg som mogleg, vil fylkesdirektøren foreslå at Vestlandsrådet allereie no gjer vedtak der fylkestinga vert bedt om å sette i gang eit evalueringsarbeid av samarbeidsavtalen til Vestlandsrådet.

Evalueringsprosessen kan framstillast skjematisk på følgjande måte:

Aktivitet	**Organ – tidspkt.**
Initiativ til oppstart evaluering av samarbeidsavtale	Vestlandsrådet, 4.november 2026
Felles og likelydande sak om oppstart av evaluering av samarbeidsavtale	Fylkestinga i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal i desember i 2026
Gjennomføring av evaluering	Prosjektstyre (fylkesdirektørane)
Uttale til evalueringsrapport	Vestlandsrådet, sommaren 2027
Handsaming av evalueringsrapport og vedtak om evt. endringar i samarbeidsavtale	Nye konstituerte fylkesting i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal, hausten 2027

Vestlandsrådet som det einaste formelle landsdelssamarbeidet i Norge

Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Nord-Trøndelag, eksistererte i perioden 1974–2011. Dette var eit formelt politisk samarbeidsorgan som skulle fremme felles interesser for dei fire nordlegaste fylka. Landsdelsutvalget vart nedlagt i 2011. Landsdelsutvalget hadde som overordna formål å synleggjere området sitt verdiskapingspotensial, identifisere, samordne og løyse oppgåver av felles interesse i nord. Landsdelsutvalget hadde et fellessekretariat lokalisert i Bodø.

Østlandssamarbeidet er eit politisk samarbeid mellom Akershus, Buskerud, Innlandet, Telemark, Vestfold og Østfold, og vart frå 2020 Østlandssamarbeidet organisert som et interkommunalt politisk råd jf. kommuneloven. For å understøtte fylkeskommunenes viktige regionale samfunnsutviklerrolle har Østlandssamarbeidet tre roller:

- Felles stemme i politisk påvirkningsarbeid.
- Arena for læring og erfaringsdeling mellom fylkeskommunene.
- Effektiv ressursutnyttelse og koordinering gjennom felles aktiviteter og prosjekter.

Østlandssamarbeidet er i dag under avvikling. Bakgrunnen for oppløysing av Østlandssamarbeidet er at Buskerud fylkeskommune i desember 2025 vedtok å melde seg ut av samarbeidet med verknad fra 1. januar 2027. Fylkeskommunen la til grunn ei anna prioritering av ressursane sine og nytte dei meir målretta på eige interessepolitisk arbeid.

Akershus fylkeskommune gjennomførte deretter sin egen evaluering av medlemskapet, og konkluderte med at det ville være vanskelig for Østlandssamarbeidet å fylle sin opprinnelige rolle når både Oslo og Buskerud stod utenfor samarbeidet. Oslo kommune hadde allerede meldt seg ut av samarbeidet med virkning fra 1. januar 2025. Vurderinga var at den geografiske representativiteten og den interessepolitiske gjennomslagskraften ville bli vesentleg svekka.

Etter at også Akershus vedtok å melde seg ut, vurderte representantskapet at Østlandssamarbeidet ikkje lenger kunne fungere som felles politiske arena for heile Austlandet som samarbeidet vart etablert for å vere. Representantskapet tilrådde derfor oppløysning, og fylkestinga slutta seg seinare til dette.

Samstundes var det brei semje om at behovet for samarbeid mellom fylkeskommunane på Austlandet. Det er imidlertid ikkje etablert ein alternativ som som skal erstatte Østlandssamarbeidet. Akershus fylkeskommunen har mellom anna peikt på auka bruk av eksisterande samarbeidsarenaer og meir ad hoc-basert samarbeid om konkrete saker mellom fylkeskommunane.

Østlandssamarbeidet hadde eit fast sekretariat lokalisert i Akershus fylkeskommune sine kontor.

Vestlandsrådet vart etablert i 2003 og er eit politisk samarbeidsråd med heimel i kommunelova §18, mellom fylkeskommunene Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Hordaland og Sogn og Fjordane er siden 2020 samanslått til Vestland fylke.

I tillegg til rådet er det etablert eit eige arbeidsutval (AU) med dei tre fylkesordførarane på Vestlandet. AU skal mellom anna vere eit organ som set den politiske dagsorden og som avklarer kva saker ein skal arbeide med mellom møta og kva saker som skal opp i neste rådsmøte.

I perioden 2009-2015 var det tilsett eit fast administrativt sekretariat i Vestlandsrådet. Dette omfatta ei fast 100% stilling. I tillegg til den faste sekretæren, vart det utpeikt dedikerte kontaktpersonar for Vestlandsrådet i den enkelte fylkeskommune og oppretta faggrupper på satsingsområda til det interfylkeskommunale samarbeidet.

Etter at den fast tilsette sekretæren slutta i stillinga i 2015, vart det ikkje tilsett ny fast sekretær i Vestlandsrådet. Sekretariatsansvaret har etter dette rullert årleg mellom fylkeskommunane.

Kort om samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet og mulige evalueringstema

Vestlandsrådet er eit interkommunalt politisk råd med heimel i kommunelova, § 18-1 Interkommunalt politisk råd. Her er det eit krav om at fylkestinga skal vedta ein samarbeidsavtale som fastset følgjande forhold:

a. rådets navn
b. om rådet er et eget rettssubjekt
c. hvor mange medlemmer den enkelte deltakeren skal ha i representantskapet
d. hvilke saker rådet skal kunne behandle

e. hvilken myndighet som er lagt til rådet
f. den enkelte deltakerens eierandel i rådet og ansvarsandel for rådets forpliktelser hvis ansvarsandelen avviker fra eierandelen
g. hvordan deltakerne kan tre ut av rådet
h. hvordan rådet skal oppløses, blant annet hvem som skal ha ansvaret for oppbevaringen av rådets arkiver etter at rådet er oppløst

Dersom det er aktuelt å gjere endringar i samarbeidsavtalen på desse punkta, må dette leggast fram og vedtakast av alle fylkestinga. Vestlandsrådet kan sjølv gjere endringar på andre forhold som er nedfelt i samarbeidsavtalen.

Fylkesdirektøren vil særskilt peike på følgjande aktuelle evalueringstema innanfor dagens samarbeidsavtale.

Mål og hensikt med Vestlandsrådet

I §2 Føremål i samarbeidsavtalen heter det følgjande;

> «Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:
>
> - styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
> - koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde
> - fremje andre politiske saker av felles interesse
> - aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
> - skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
> - ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene»

Dei tre fylka i landsdelen har felles utfordringar knytt til busetjing, næringsutvikling og samferdsel. Nasjonale rammevilkår spelar ei sentral rolle for å imøtekomme fleire av desse utfordringane. Fylkesdirektøren er derfor ikkje i tvil om behovet for ein koordinert innsats på tvers av fylkesgrensene, både politisk og administrativt, for aktivt å påverke rammevilkåra for utvikling av ein attraktiv landsdel.

Spørsmålet er om dette alternativ kan føregå gjennom etablerte administrative og politiske nettverk, prosjektsamarbeid og liknande.

Samansetting av Vestlandsrådet

I §3 Samansetting i samarbeidsavtalen heter det følgjande;

> «Vestlandsrådet har 6 medlemer med varamedlemer frå kvar av dei tre deltakande fylkeskommunane. Desse vert valde for valperioden av og frå fylkestinget sine medlemer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vera medlem av rådet.
>
> Den einskilde fylkeskommune har høve til å skifta ut medlemer og varamedlemer i løpet av valperioden. Nyval skjer då for resten av perioden.
>
> Vestlandsrådets medlemer er representantskap etter § 18-3 i kommunelova. Storbyane Bergen, Stavanger og Ålesund har høve til å møta som observatørar med talerett.»

Vestlandsrådet er samansett av folkevalde representantar frå både posisjon og opposisjon i dei tre ulike fylkeskommunane. I tillegg har også byane Stavanger, Bergen og Ålesund møterett, men kun med talerett. Følgjande kan vurderast i samband med evaluering av Vestlandsrådet si samansetting:

- Styrke rådet sin legitimitet og evne til å mobilisere sentrale interesser i landsdelen ved å innlemme storbyane og representantar for andre viktige regionale interesser som fullverdige medlemer av rådet.

- Vurdere både omfang og representasjon av den fylkeskommunale deltakinga i rådet.

Sekretariatet

I §6 i samarbeidsavtalen er det nedfelt følgjande om sekretariatet:

> «Fylkesdirektøren i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiarvervet
>
> - har innstillingsrett til rådet
> - har ansvaret for sekretærfunksjonen
> - koordinerer det administrative og saksførebuande arbeidet
> - koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet.»

Samarbeidsavtalen legg med dette ikkje opp til eit fast sekretariat for Vestlandsrådet, men at sekretariatsansvaret rullerer mellom fylkeskommunane frå år til år. Dei seinare åra har det vore krevande å få på plass tilstrekkeleg varig sekretariatskapasitet og kompetanse i alle dei tre deltakande fylkeskommunane i Vestlandsrådet. Det vert i mindre grad sett av ressursar til sekretariatsoppgåver for Vestlandsrådet i dei fylkeskommunane som ikkje har det årlege sekretariatsansvaret. Som følgje av slik manglande kapasitet og kompetanse innretta mot Vestlandsrådet, vil sekretariatsoppgåvene bli ivareteke i ulik grad og på ulik måte frå år til år.

Også innfor fagområda som vanlegvis vil kunne løfte fram saker og initiativ for Vestlandsrådet er det i mindre grad etablert kompetanse og kapasitet for arbeid på tvers av fylkesgrenser i dei tre fylkesadministrasjonane. Det er derfor ikkje på plass faste faglege kontaktpunkt eller dedikerte medarbeidarar, som sekretariatet har løpande kontakt og oppfølging med.

I perioden 2009-2015 var det tilsett eit fast administrativt sekretariat i Vestlandsrådet. Dette omfatta ei fast 100% stilling. Da den faste sekretæren til Vestlandsrådet ikkje rullerte mellom fylkeskommunane, vart det utpeikt dedikerte kontaktpersonar for Vestlandsrådet i den enkelte fylkeskommune. I tillegg vart det oppretta faggrupper på satsingsområda til det interfylkeskommunale samarbeidet.

Etter at den fast tilsette sekretæren slutta i stillinga i 2015, vart det ikkje tilsett ny fast sekretær i Vestlandsrådet. I tillegg vart heller ikkje faggruppene oppretthalde og vidareført.

Fylkesdirektøren vil påpeike administrasjonen sitt ansvar for å legge til rette for aktivitet i Vestlandsrådet. Vestlandsrådet si rolle og betydning, vil etter fylkesdirektøren sitt syn vere avhengig av ein godt organisert administrasjon med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse for å ivareta sekretariatsfunksjonen til rådet.

Oppsummert ser fylkesdirektøren på sekretariatsfunksjonen som eit sentralt evalueringstema for å vidareføre Vestlandsrådet som eit aktivt og relevant samarbeidsorgan for landsdelen.

Økonomi

I § 8 i samarbeidsavtalen er det nedfelt følgjande om økonomi;

> «Dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. Storleiken vert handsama på siste møte før budsjettåret. (For 2020 kr 600.000,-)
>
> Eigne driftsutgifter til deltaking i rådet vert dekka av kvar einskild fylkeskommune. Leiarskapet i rådet vert dekka av den fylkeskommunen som har leiarskapen det året.
>
> Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltakande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gjere framlegg om dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekka 1/3 av desse utgiftene. Budsjettet vert handsama på første møtet i året.»

Fylkeskommunane yter i dag ein relativt beskjeden sum til aktiviteten i Vestlandsrådet. I den grad

det er aktuelt å utvide eller nedskalere aktiviteten i Vestlandsrådet vil det økonomiske spleiselaget også vere eit relevant evalueringstema.

Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til at Vestlandsrådet er det einaste attverande formelle landsdelssamarbeidet i Norge, og tenker det er all grunn til å sette i gang ei grundig evaluering av denne regionalpolitiske samarbeidsarenaen på Vestlandet.

Fylkesdirektøren vil foreslå at Vestlandsrådet peiker på fylkesdirektørane som prosjektstyre for eit eventuelt evalueringsarbeid.

Fylkesdirektøren vil i første omgang undersøke om det er muleg å få gjort ei slik evaluering innanfor eigen administrasjon. Dersom dette ikkje let seg gjere vil fylkesdirektøren på eit seinare tidspunkt be om at Vestlandsrådet set av midlar til innkjøp av ekstern bistand til evalueringsarbeidet.